



Arrangørstaben legg ned stor innsats og har alt under kontroll til Festidalen 2015

**I dag er det 3 veker att til startsskotet går for årets storhending her i bygda FESTIDALEN 2015. Det betyr ein periode med stor aktivitet for mange; - ein aktivitet som er intenst aukande utover i perioden. Festidalen er nemleg noko langt meir enn to kveldar med strålende rockekonsertar på Dønhaug.**

Dette fortel mellom anna den fylldige festivalavisa som vi har fått i postkassane siste dagane om. Frå det startar med førdragskro og det spennande og varierte barne- og ungdomstilbodet FestidaGen på torsdagen og til konsert og aktivitetar er avslutta under Festifjellet ved Bjørnebølsfossen søndag, er det eit tettpakka program. Her er noko for alle alders- og interessegrupper.

I tillegg til konsertar, FestidaGen, føredaragskro, Festifjellet som alt er nemnt, er det Festitaren, lokal utgåve av Mestrenes mester, Lambasleppet, scene for talentfulle artistar, Festidagenshow med småstjerner og mykje anna, Næringsseminar med storleikar som Frank Aarebrot og ikkje å forgløyma stor festivalfrukost. Saman med alle dei festivalglade deltakarane skaper dette ein festivalstemning i bygda som passar særdeles godt for heile familien.



[Martha Nerhus og Karoline Neset](#) kan absolutt marknadsføre Festidalen som eit tilbod for alle.

Det er ikkje rart at Festidalen er blitt svært populær! I fjor vart det utselt på konsertane både fredag og laurdag sjølv om ikkje veret var heilt på lag. I år har arrangørane auka opp med 200 billetter. Likevel er det lurt, og truleg nødvendig, å sikra seg festivalpass alt no.

Fleire opplysningar finn de på heimesida til Festidalen som de finn i venstre kolonne, og i den tilsende festivalavisa.

Medan vi ventar på festen kan vi klikka inn på [marknadsføringsvideoen som Festidalen har fått laga](#) og nyta Bjørgolv Eik og dei andre aktørane.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Festidalen